

# Prop. 39 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2020 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 20. november 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar m.m. under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2020.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, kan overførast, kan nyttast under post 50*

Løyvinga på posten blir mellom anna nytta til vedlikehald av eigedommar Landbruks- og matdepartementet eig og til store innkjøp. I medhald av romartal II i Prop. 1 S (2019–2020), kan Landbruks- og matdepartementet overskride løyvinga på denne posten med eit beløp som svarer til meir inntektene frå sal av fast eigedom, avgrensa til 25,0 mill. kroner. Departementet har i 2020 sluttført salet av Staur gard jf. omtale under kap. 4100, post 40. Framfor å nytte fullmakta til å overskride løyvinga på kap. 1100, post 45, gjer Landbruks- og matdepartementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 25,0 mill. kroner.

#### Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

*Post 40 Sal av eigedom*

Landbruks- og matdepartementet har i 2020 selt eigedommen Staur gard i Stange kommune. Samla overført inntekt, trekt frå utgifter ved salet, er 60,0 mill. kroner. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om ei løyving på posten på 60,0 mill. kroner.

#### Kap. 1115 Mattilsynet

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet. På grunn av koronapandemien, har Mattilsynet hatt ein redusert aktivitet når det gjeld fysiske tilsyn og Mattilsynet har i større grad prioritert andre kontrollaktivitetar. Dette har medført at også inntektene frå gebyr har blitt redusert, jf. omtale under kap. 4115, post 01. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 3,8 mill. kroner.

#### Kap. 4115 Mattilsynet

*Post 01 Gebyr m.m.*

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete

brukarar, og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar.

Revidert prognose for Mattilsynet sine gebyrinntekter for 2020, er 15,8 mill. kroner lågare enn løyvinga på posten. Det noko uvisse om prognosan då koronapandemien påverkar Mattilsynet sitt arbeid. Smittesituasjonen har ført til endringar i Mattilsynet sine arbeidsmetodar, også på område som utløyser gebyr, og tal på tilsyn har gått ned. Denne situasjonen har medført at Mattilsynet i større grad har prioritert andre kontrollaktivitetar enn dei som utløyser gebyr. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga på posten med 15,8 mill. kroner.

## **Kap. 1137 Forsking og innovasjon**

### *Post 54 Næringsretta matforskning m.m.*

Føremålet med posten er å sikre økonomisk grunnlag for forsking på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nytingsmidel og fôrkorn til husdyr. Midlane på posten kjem frå ei avgift på importerte og norskproduserte landbruksprodukt. Forskingsavgift på landbruksprodukt vil gi høgare inntekter i 2020 enn først venta jf. omtale under motsvarande inntektspost kap. 5576, post 70. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga på posten med 5,0 mill. kr.

## **Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag gjennomført av Miljødirektoratet eller fylkesmenn. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner grunna auka utgifter til utvikling av Hjorteviltregisteret, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1140, post 71, jf. omtale under denne posten.

### *Post 71 Tilskott til viltformål, kan overførast*

Målet for tilskottsordninga på posten er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskott av viltet, og at produktiviteten og mangfaldet i naturen blir teke vare på nasjonalt og regionalt. Det er venta lågare inntekter frå jeger- og fellingsavgifter i 2020, jf. omtale under kap. 5576, post 72. Som følgje av dette minkar uttaket av kapital frå

Viltfondet, og dermed også utgiftene på kap. 1140, post 71. Departementet gjer i tillegg framlegg om å redusere løyvinga på posten med 1,0 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 1140, post 21, for å dekkje kostnader til utvikling av Hjorteviltregisteret. Samla gjer departementet framlegg om å setje ned løyvinga på posten med 7,5 mill. kroner.

## **Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.**

### *Post 23 Jegerprøve m.m., kan overførast*

Løyvinga på posten går til å drifte ordninga med den obligatoriske jegerprøva. Det venta lågare inntekter frå jegerprøvegebyr i 2020, jf. omtale under kapittel 4141, post 01. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga på posten med 1,0 mill. kroner.

## **Kap. 4141 Haustbare viltressursar**

### *Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.*

Dei siste åra har det vore ein nedgang i talet på personar som har teke jegerprøva. I tillegg har koronapandemien ført til ytterlegare reduksjon i talet på gjennomførte eksamenar, sidan mange jegerprøvekurs blei avlyst fyrste halvår 2020. Det er difor venta lågare inntekter frå jegerprøvegebyr i 2020. LMD gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 1,0 mill. kroner. Utgiftene under kap. 1141, post 23, blir redusert tilsvarende.

## **Kap. 1142 Landbruksdirektoratet**

### *Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, overslagsløyving*

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av, og utgifter til, leige av reinbeite etter innsgåtte avtaler. Det har vore eit meirforbruk på posten i 2020, grunna indeksregulering av leigeprisen. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 23 000 kroner.

### *Post 73 Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, overslagsløyving*

Føremålet med tilskottet er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar,

smittestoff og skadegjeraarar hos dyr og planter, jf. Lov om matproduksjon og mattryggheet mv. (matloven). Tilskottet skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sett i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og enkelte andre kompensasjonar for å lette etterleiving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen.

Prognosane for utbetalingar på posten for 2020 tilseier eit behov for ei auke løyving på posten. Det er uvisse kring prognosane. Årsaka til behovet for ein auke i løyvinga er mellom anna utbrott av LA-MRSA i Nordland, og utbetalingar etter MRSA-funn i Trøndelag og Rogaland tidlegare år. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 30,4 mill. kroner.

#### *Post 77 Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekkje kompensasjon til dei som har avvikla drifta av pelsdyrhald som følgje av det vedtekne forbodet mot hald av pelsdyr. Utbetalingane og behov for løyving på posten er venta å bli noko høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 25,0 mill. kroner.

#### *Post 80 Radioaktivitetstiltak, kan overførast*

Løyvinga skal dekkje kostnader som følgje av radioaktivt avfall etter Tsjernobylulykka i 1986. I 2020 har det ikkje vore behov for utbetalingar til radioaktivitetstiltak, og Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å setje ned løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner.

### **Kap. 1148 Naturskade – erstatningar**

#### *Post 71 Naturskade – erstatningar, overslagsløyving*

Staten si naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal nyttast til å dekkje desse utgiftene. Tilsegn om erstatning for naturskadar blir gitt med ein frist for oppretting på 3 år. Utbetaling av erstatning skjer når skaden er retta opp. Det er difor knytt ei tilsegnfullmakt til posten.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalingar i 2020, og for tilsegn som ikkje vil vere innfridde per 31.12.2020, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med

112,7 mill. kroner. Tilsegnfullmakta blir auka med 9,2 mill. kroner, til 99,7 mill. kroner, jf. forslag til romartal III.

### **Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

#### *Post 70 Marknadsregulering, kan overførast*

Ei av delordningane på posten er «Tilskott til råvarereprisutjamningsordninga mv.». Føremålet med denne er å auke konkurranseskrafta til den delen av norsk næringsmiddelindustri som produserer varer som er omfatta av EØS-avtalen protokoll 3. Dette skjer gjennom å utjamne for råvareprisforskjellar mellom Noreg og verdsmarknaden, mellom anna gjennom tilskott for utvalde råvarer. Prognosene for utbetaling til dette i 2020 overskrid løyvinga med om lag 10 mill. kroner. Hovudårsaka til overskridinga er at kronekursen blei svakare enn prognosert. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 10,0 mill. kroner.

#### *Post 71 Tilskott til erstatningar m.m., overslagsløyving*

Føremålet med løyvinga er å redusere økonometiske tap i plante- og honningproduksjon grunna værtihøve som har gitt svikt i avlingane. For avlingsåret 2020 er det registrert meir avlingsskade enn normalt i delar av landet. Dette gjeld frukt på Vestlandet, korn og gras i Trøndelag, og gras i Nord-Noreg. I bærproduksjonen er det også mange søknader frå fleire delar av landet. Det er rekna at om lag 50 pst. av søknadane om tilskott for avlingssvikt i 2020 vil bli handsama i år, medan resten blir handsama i 2021. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 45,5 mill. kroner.

#### *Post 73 Pristilskott, overslagsløyving*

Prognosane viser eit forbruk over posten som er 66 mill. kroner høgare enn løyvinga. Hovudårsaka til dette er at kornavlingane i 2020 i gjennomsnitt blei gode. Om lag 70 pst. av denne avlinga blir omsett i 2020, og det gir eit meirforbruk på ordninga med prisnedskriving av norsk korn på 53,0 mill. kroner. Avlingane av frukt og bær blei òg uvanleg gode i 2019. Pristilskotta for grøntsektoren blir handsama saman med produksjons tilskott, og blir difor først betalt ut året etter avlingsåret. På ordninga «pristilskott grønt» er det rekna eit meirforbruk på vel 25 mill. kroner. For

dei andre ordningane på posten er det små avvik frå budsjett. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å samla auke løyvinga på posten med 66,0 mill. kroner.

#### *Post 74 Direkte tilskott, kan overførast*

Prognosane viser ei innsparing på 3,2 mill. kroner i 2020. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 3,2 mill. kroner for å dekkje delar av prognosert meirforbruk på kap. 1150, post 70 jf. omtale under denne posten.

#### *Post 78 Velferdsordningar, kan overførast*

Prognosane viser ei innsparing på 6,8 mill. kroner i 2020. Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 6,8 mill. kroner for å dekkje delar av prognosert meirforbruk på kap. 1150, post 70 jf. omtale under denne posten.

### **Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

#### *Post 85 Marknadsordninga for korn*

Posten omfattar inntekter frå prisutjamningsbeløp på kraftförråvarer. Ut frå prognosane for desse inntektene for 2020, gjer Landbruks- og matdepartementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 0,7 mill. kroner.

### **Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen**

#### *Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet*

Posten gjeld løyvinga til Reindriftens utviklingsfond (RUF). RUF skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla. Frå denne posten er det sett av 4,5 mill. kroner i 2020 til transport av rein. Partane i reindriftsavtalen er samd om at det er naudsynt å auke denne avsetjinga i 2020. Departementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga på posten med 350 000 kroner, mot ein tilsvarende reduksjon i kap. 1151, post 79.

#### *Post 79 Velferdsordningar, kan overførast*

Føremålet med posten er å sikre gode velferdsordningar for reindriftsnæringa. Posten omfattar

innbetaling av medlemsavgift til folketrygda og sjukepengeordninga. Posten omfattar også tidlegpensjon og ei ordning for tilskott til leid hjelp ved svangerskap og fødsel. Prognosar frå Landbruksdirektoratet viser eit mindreforbruk på posten i 2020. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga på posten med 350 000 kroner, mot ein tilsvarende auke av kap. 1151, post 51.

### **Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet**

#### *Post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt*

Midlane på posten kjem frå avgift på visse importerte og norskproduserte landbruksprodukt, jf. *Lov om forskningsavgift på landbruksprodukter*. Prognose for samla innbetaling av forskningsavgift på landbruksprodukt i 2020 er noko høgare enn tidlegare venta. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga på posten med 5,0 mill. kroner.

#### *Post 72 Jeger og fellingsavgifter*

Jeger- og fellingsavgifter som blir betalt inn til Viltfondet blir inntektsført på denne posten. Inntekten til Viltfondet blir i 2020 lågare enn forventa. Overgang til digitalt jegeravgiftskort og nye rutinar for innbetaling av jegeravgift kan vere årsak til at færre betaler jegeravgift. Koronapandemien kan også har ført til at færre jegerar går på jakt i år, og at dei av den grunn ikkje betaler jegeravgifta. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga på posten med 6,5 mill. kroner. Utgiftene under kap. 1140, post 71 blir redusert tilsvarende.

### **3 Andre saker**

### **Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket**

#### *Post 76 Ekstraordinære tiltak i skogbruket*

Midlane har til føremål å dempe verknaden av koronapandemien for skogsentreprenørar gjennom å oppretthalde og bidra til aktivitet. Marknadssituasjonen, spesielt avsetnad av massevirke og elles reduserte tømmerprisar, har medført noko færre søknadar og lågare utbetalingar enn venta hittil i år. Tilskott blir betalt ut etter at tiltaket er gjennomført, etter oppmoding om utbetaling til kommunane i medhald av § 7 i midlertidig forskrift om tilskott for å oppretthalde hogstaktiviti-

tet i skogbruket. Det er sett krav om at kommunane må ha oppmøding om sluttutbetaling i hende innan 30. november 2020. Det er difor framleis uvisse om det samla omfanget av tilskotta, og om utbetalingstidspunkt for tilskotta. Pandemien er heller ikkje over, og utfordringane for skogs-entreprenørane er venta å vare ved utover i 2021. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om at posten blir tilførd stikkordet «kan overførast».

---

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Landbruks- og matdepartementet.

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

---

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under  
Landbruks- og matdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1100		Landbruks- og matdepartementet:	
45		Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i> blir auka med .....	25 000 000
		frå kr 2 720 000 til kr 27 720 000	
1115		Mattilsynet:	
01		Driftsutgifter, blir redusert med .....	3 800 000
		frå kr 1 388 618 000 til kr 1 384 818 000	
1137		Forsking og innovasjon:	
54		Næringsretta matforsking m.m., blir auka med .....	5 000 000
		frå kr 170 000 000 til kr 175 000 000	
1140		Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (viltfondet) m.m.:	
21		Spesielle driftsutgifter, blir auka med .....	1 000 000
		frå kr 22 000 000 til kr 23 000 000	
71		Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	7 500 000
		frå kr 32 278 000 til kr 24 778 000	
1141		Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.:	
23		Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 4 500 000 til kr 3 500 000	
1142		Landbruksdirektoratet:	
72		Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	23 000
		frå kr 452 000 til kr 475 000	
73		Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	30 400 000
		frå kr 55 610 000 til kr 86 010 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	25 000 000
		frå kr 220 000 000 til kr 245 000 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	500 000
		frå kr 500 000 til kr 0	
1148		Naturskade – erstatningar:	
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	112 700 000
		frå kr 168 000 000 til kr 55 300 000	
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	10 000 000
		frå kr 293 698 000 til kr 303 698 000	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	45 500 000
		frå kr 44 500 000 til kr 90 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	66 000 000
		frå kr 3 883 000 000 til kr 3 949 000 000	
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	3 200 000
		frå kr 9 344 436 000 til kr 9 341 236 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	6 800 000
		frå kr 1 525 758 000 til kr 1 518 958 000	
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen:	
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet, blir auka med .....	350 000
		frå kr 66 600 000 til kr 66 950 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	350 000
		frå kr 3 830 000 til kr 3 480 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet:	
	40	Sal av eigedom, blir løyva med .....	60 000 000
		frå kr 0 til kr 60 000 000	
4115		Mattilsynet:	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med .....	15 800 000
		frå kr 199 828 000 til kr 184 028 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4141		Haustbare viltressursar:	
	01	Jegerprøve, gebyr m.m., blir redusert med ..... frå kr 4 500 000 til kr 3 500 000	1 000 000
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	85	Marknadsordninga for korn, blir auka med ..... frå kr 50 000 til kr 750 000	700 000
5576		Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet:	
	70	Forskinsavgift på landbruksprodukt, blir auka med ..... frå kr 170 000 000 til kr 175 000 000	5 000 000
	72	Jeger- og fellingsavgifter, blir redusert med ..... frå kr 81 000 000 til kr 74 500 000	6 500 000

*Fullmakt til å overskride gitte løyvingar*

II

Oppheving av fullmakt til å overskride løyving

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementets fullmakt for 2020 til å overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 større utstyrskjøp og ved-

likehald – ordinære forvaltningsorgan, blir oppheva. Fullmakta til å overskride løyvinga gjeld beløp som svarer til meirinntektene frå sal av fast eideidom, avgrensa oppover til 25 mill. kroner.

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

III

Endring av tilsegnnsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at tilsegnnsfullmakta på kap. 1148, post 71, blir endra. Landbruks- og matdepartementet kan i 2020 gi tilsegn om tilskott

utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	99,7 mill. kroner

*Andre fullmakter*

## IV

## Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» blir tilført kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings- tiltak i skogbruket, post 76 Ekstraordinære tiltak i skogbruket.

---

---





